

Til årsmøtet 2022

Forslag til årsmelding for Naturbruksskolenes forening 2021

Styret 2021:

Leiar: Trond Håvard Bjørnstad, Voss vidaregåande skule fram til oktober 2021. Rolf Jøran Forsmo, Mosjøen vidaregåande skole overtok etter dette.

Styremedlemmer:

Stein-Erik Svendsen, Senja vidaregåande skole
Åge Flægstad, Lena-Valle vidaregåande skole
Anita Karina Sunde, Jønsberg vgs fram til årsmøtet i april 2021
Camilla Skappel Vidnes, fra årsmøtet i april 2021
Rolf Jøran Forsmo, Mosjøen vidaregåande skole

Revisor: Vestland Fylkeskommune overtok etter Trøndelag Fylkeskommune som revisor.

Valkomite:

Randi Moen, Senja vidaregåande skole
Torbjørn Litlere, Stend vidaregåande skule

Styret sitt arbeid:

Styret og dagleg leiar er opptatt av å arbeide i tråd med foreninga sitt formål. «**Naturbruksskolenes forening (NF) sitt formål er**, via samarbeid, å styrke skolenes utdanningstilbud og identitet, samt å fremme utvikling og kontaktnett i Norge og internasjonalt».

Dette har vore andre året der omsynet til å unngå smitte av korona har styrt aktivitetane, både på skulane og i Naturbruksskolenes forening.

Teams-møte og kontakt via mail har vore ryggrada i NatFor sitt arbeid, og det at vi alle har blitt meir van med å møtast og jobbe digitalt, har blitt ein styrke som vi i Naturbruksskolenes Forening har brukt til å auke medlemsaktiviteten, og forhåpentlegvis nytten av foreninga for medlemmene.

Styret har hatt **8 styremøte**; alle digitale, og vore særleg opptatt av å finne fram til ein best mulig måte å drive foreninga vår på under dei endra rammevilkåra som både foreninga og skulane har møtt pga korona.

Dagleg leiar (i deltidstilling) førebur saker til styret og står for dagleg drift; vidareutviklar administrative rutinar, arrangerer fagmøte, skriv nyhetsmail, oppdaterer Facebook og heimesida, samarbeider med eksterne, skriv søknad om Erasmus+ finansiering og står for dageleg drift av konsortiet etc.

I løpet av året har tal medlemsskular auka til 39 skular. Styret og dagleg leiar er glad for alle som har vore med i mange år, og som har bidrege til å utvikle foreninga til det den er nå, og vi ønsker nye medlemmer hjarteleg velkommen i Naturbruksskolenes Forening!

Desse sakene som har prega styret sitt arbeid i 2021:

- **Elevtal** og innsøking på skulane. Erfaring med ulike typar marknadsføring.
- Korleis kan vi jobbe sammen for å støtte skulane og lærarane i arbeidet med **rekruttering** av elevar og best mulig opplæring?
- **Nye læreplaner på vg2 og vg3**. Kva utfordringar og muligheter gir dei for skulane?
- Organisere **faggruppemøte og faggrupper**. Korleis kan vi bruke Teams mest mogleg effektivt; lære verktøyet sjølv og hjelpe andre i gang? Korleis gi tilgang for medlemmer frå andre fylkeskommunar? Kva møtetema og -tid ønsker skulane? Kva møteform fungerer best? Korleis sikre enkel og ryddig påmelding?
- Korleis legge til rette for best mogleg kommunikasjon og **informasjonsflyt** mellom foreninga og skulane/lærarane? **Nyhetsmail**; form, innhald, for kven? Korleis vil vi bruke **sosiale media/heimesida**?
- **Rekneskap, budsjett**, årsmelding og prioriteringar for komande år
- **Samarbeid** med NMBU og næringsorganisasjonane, NDLA og bokforlag. Kan vi knytte sterkare kontakt med Utdanningsdirektoratet og Faglig Råd for Naturbruk?
- **Samarbeid** mellom «blå» og «grøn» naturbruksdanning. Invitasjon til samarbeid med Fosfor.
- Nytt **Erasmus+** program for 2021-2027 gir svært gode muligheter for internasjonale aktivitetar, og Naturbruksskolenes Forening sitt konsortium nå er akkreditert i Erasmus+. Det betyr at vi har fått eit kvalitetsstempel i høve internasjonal aktivitet og at vi kvart år kan søke middel gjennom ein forenkla søknadsprosess. Styret har brukt ein god del tid på å ta inn over oss kva dette gir av muligheter og forpliktelsar. Styret i NatFor er øverste ansvarlege organ for konsortiet. Det består av 19 skolar i inneverande periode (21 skolar frå juni 2022) og er faktisk Norges nest største konsortium innan yrkesfag, uavhengig av utdanningsprogram.

Kva arbeider NatFor konkret med?

Her kan du lese om aktivitetane våre knytta opp mot formålet for foreninga vår:

«**NatFor skal ...**

...representere naturbruksutdanningen overfor myndigheter, næringer, høyskoler og universitet»

NatFor har dette året samarbeidd med NMBU om etterutdanning og felles fagmøte/fagdidaktiske møte, med Fosfor, NIBIO, kompetansenavet på Mære og med Kompetanseprogram for voksenagronomlærere.

Foreningen er skolane sitt talerør og bindeledd mot sentrale styresmakter når skolane ønsker dette. Vi samarbeider med Norges Bondelag og Norges Bonde- og småbrukarlag om marknadsføring og rekruttering, fleire lærarar frå skulane er aktive i læreplangrupper i regi av Utdanningsdirektoratet, NatFor har invitert skulane til å sende inn synspunkt på utkasta til læreplaner, og så har NatFor gitt uttale i høringar. Vi har også meldt inn til NDLA at det er stort behov for læremiddel på vg2 og vg3 landbruk, og var dermed med på å påverke til at dette vart prioritert i NDLA. Vi sender nyhetsmailen vår til aktuelle samarbeidspartnarar og til skular som ikkje er medlemmer (enno?).

**«NatFor skal...
...fremme utvikling og kontaktnett i Norge»**

Vi ser på dette som ei kjerneoppgåve og opprettar faggrupper innan alle greiner av naturbruk som er representert ved skulane våre. Vi ønsker å gi alle lærarar tilbod om tilhørighet i minst ei relevant faggruppe. Faggruppene er opne for alle lærarar/leiarar ved skulane og kan møte på Teams så ofte gruppene ønsker og vi finn tid til det.

I løpet av 2021 arrangerte vi 35 Teams-møte for fagleg utvikling og inspirasjon, og for å bygge faglege nettverk. Tema har spent vidt innan programfag i naturbruk, bærekrafttema, internasjonale aktivitetar og rekruttering/marknadsføring. Mange av møta arrangerte NatFor saman med ein eller fleire samarbeidspartnarar. I tillegg fekk skulane invitasjon via nyhetsmailen vår til ca 10 fagmøte arrangert av andre. NatFor fortset med nye møte i 2022 og prioriterer først og fremst tema og fagområde som de rundt på skulane etterspør. Vi oppfordrar alle til ta kontakt dersom de har ønske for møteforum eller tema, så prioriterer vi å jobbe med dette. Så snart det blir mulig, ønsker vi å supplere med møte og utferder i det verkelege liv.

Vi er opptatte av å knytte tettare band og etablere nettverk for både «blå» og «grønne» skular og lærarar og vi er opptatte av samarbeid med alle som jobbar med å styrke og utvikle naturbruksutdanning heilt generelt. Dette fordi vi trur at vi har mykje å lære av kvarandre og vil kunne berike kvarandre både fagleg og pedagogisk, og fordi vi trur på at alle kjem lengre og leverer betre kvalitet om vi samarbeider og gjer kvarandre gode.

Nyhetsmailen vart sendt ut 17 gonger i 2021, og er hovud- informasjonskanalen vår.

Vi jobbar med å finne ei lett leseleg form, passe omfang, og å prioritere innhald og kven vi bør/kan sende nyhetsmailane til. Så langt går dei til kontaktperson og postmottak på kvar medlemsskule, og til ein del av rektorane. Vi sender også nyhetsmailen til samarbeidsorganisasjonar og til ein del skular som ikkje er medlemmer og vi ser på nyhetsmailen som ein måte å spre informasjon om utdanningsprogrammet vårt, skulane og Naturbruksskolenes forening på. Gjennom mailen får skular som ikkje er medlemmer eit godt bilete av kva vi jobbar med, og kan lettare avgjera om dei vil bli medlemmer.

Vi er opptatt av å levere først og fremst det medlemmene våre har bruk for, og har lagd eit skjema i Forms der skular og enkeltpersonar kan legge inn ønske for fagtema dei vil at NatFor skal jobbe med. Skulane og lærarane er sjølvstøtt velkommen til å kontakte NatFor ved dagleg leiar og styremedlemmer via mail eller telefon

**«NatFor skal...
...samordne og iverksette felles markedsføring»**

Foreninga har ei oppdatert heimeside med lenke til skulane, vi driv ei Facebook-side der vi deler informasjon frå skulane og relevante innlegg frå samarbeidspartnarar, vi har FB-gruppe for dyrefag og hestefag. Vi legg ut så mange innlegg som vi greier å finne tid til, utan at vi heilt har tal for dette.

Dei 17 nyhetsmailane vi rakk å sende ut i 2021, blei også sendt til samarbeidande organisasjonar. Vi ønsker å utvide kretsen av organisasjonar som får tilsendt nyhetsmailen vår fordi det er ein enkel måte å gjera arbeidet vårt kjent på.

«NatFor skal ...

...samordne og formidle internasjonale kontakter»

NatFor er nå godkjent som konsortiumskoordinator i Erasmus+. Dvs vi har fått ein kvalitetsstempel og kan søke Erasmus+ middel på vegne av medlemsskulane og foreninga for å tilby lærarar studieturar, jobbskygging, kurs etc, elevar å delta i internasjonal yrkeskonkurranse, og hjelpe skular i gang med internasjonalt arbeid. Konsortiet vårt er på 19 skular i perioden 1.9.2021-1.6.2022. Frå 1.6. blir vi 21. Velkommen skal de vera!

2021 er første året vi har mulighet til å ha internasjonale aktivitetar via Erasmus+. Dette krev ein del arbeid, men i Erasmus+ ordninga følger det med tilskot til administrativt arbeid som er venta å dekke meirarbeidet (Organizational support).

NatFor utgjør den norske avdelinga av nettverket EUROPEA International (Fleire hundre skular i 25 land) og dagleg leiar er pt styremedlem i EUROPEA International.

«NatFor skal ...

...fremme videreutdanning, utvikle læremidler og læremetoder»

Det viktigaste i så måte, er å legge til rette for at vi kan lære av kvarandre og inspirere kvarandre. Dette skjer ma gjennom å møtast i faggrupper og etter kvart bygge tette, utfordrande og støttande fagnettverk. I tillegg er det sjølvsagt viktig å trekke inn ekspertar som kan gi ny kunnskap. NatFor samarbeider med NMBU, NDLA, Fagbokforlaget, NIBIO. Vi er åpne for andre samarbeidspartnerar innan feltet dersom det er ønskeleg.

«NatFor skal ...

...sikre årlige samlinger/årsmøte for alle videregående skoler med naturbruk»

Frå og med hausten 2020 og i heile 2021 har vi vektlagt fagsamlingar for lærarane og leiarane våre via Teams. Dette ønsker vi å fortsette , og supplere med samlingar i det verkelege liv så snart vi får det til. NatFor arrangerer årsmøte med tilknytta fagmøte kvart år, ei stor nettverkssamling for alle fagfelt innan naturbruk 2. kvart år (neste gong i oktober 2022).

Representasjon i andre råd og utvalg

Trond Håvard Bjørnstad/Tone Mosebø er observatør i styret for Nasjonalt råd for grønne fagskoler (ingen møte i 2021).Tone Mosebø sit i styret for EUROPEA International, en samarbeidsorganisasjon for naturbruksskoler fra hele Europa. Ho har også representert Naturbruksskolenes forening i (så langt uformelle) møte med NMBU og i Referansegruppe for Landbrukets Økoløft.

Medlemmer

39 skular betalte medlemskap i NatFor i 2021, ein auke på 6 frå året før.

Stend 29.3.2022

For styret i Naturbruksskolenes foreining;

Tone O Mosebø

Dagleg leiar